



# Prop. 17 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2023 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 24. november 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Føremål og hovudoversikt

#### 1.1 Tryggingssituasjon

Russlands folkerettsstridige angrep på Ukraina er eit tidsskilje i tryggingssituasjonen, og har forsterka og aktualisert rivaliseringa mellom stormaktene. Forholdet mellom Russland og vesten er prega av konfrontasjon. Krigen har vist korleis tryggingssituasjonen kan endra seg radikalt på kort tid, og samstundes korleis langtidsperspektivet blir prega av ustabilitet og uvisse. Ei meir uføreseieleg verd fører til at risiko for at militær konflikt som involverer Noreg eller allierte har auka, mellom anna ved eskalering av spenning til norske nærrområde eller ved at ei konflikt spreier seg. Det er difor avgjerande for Noreg å bidra i størst mogeleg grad til å førebyggja og avskrekka bruk av maktmiddel mot norske strategiske interesser og at Forsvaret kontinuerleg fremjar norsk innflytelse og handlingsrom.

Norsk tryggingssituasjon og forsvarspolitik skal sette oss i stand til å ivareta norsk tryggleik og nasjonale tryggingssinteresser. Dei langsiktige norske interessene og grunnleggjande tryggingsspolitiske rammene ligg fast, men må tilpassast ei markant endring i føresetnadene for norsk og alliert tryggleik. Vårt forsvar må rettast inn for ei verd i betydeleg endring og eit tydlegare alvor. Korleis Noreg skal ivareta tryggingssituasjon og forsvarsspolitiske

målsettingar er blitt langt meir krevjande å svara ut, og Noreg må ta eit større ansvar for eigen og alliert tryggleik. Denne erkjenninga av Noregs tryggingsspolitiske situasjon må ligge til grunn i alt vi gjer, korleis vi nyttar norske styrker og kva vi prioriterer i budsjetta våre.

Ukraina betalar ein høg pris for å stå imot den russiske aggresjonen, både materielt og menneskeleg. Så lenge Ukraina er villig til å kjempa for fridommen sin, må vi støtta dei. Noregs viktigaste målsettingar knytt til krigen i Ukraina er å støtta Ukrainas forsvarskamp, hindra at krigen eskalerer, og verna om eit vidareført sterkt vestleg samhold.

Russland er den dimensjonerande utfordringa mot norsk tryggleik. Russland utgjer ikkje i dag ein direkte militær trussel mot Noreg, men risikoviljen har auka. Uvisse har auka. Det betyr at også vi må være betre førebudd på eit farlegare og meir labilt Russland. Og vi må leggja til grunn at våre allierte som del av avskrekkinga overfor Russland vil vera meir til stades i våre nærrområde, særleg i nord. Det krev auka nærvær også for oss, saman med allierte, og på eiga hand.

NATO-utvidinga vil auka Nordkalottens strategiske betydning og knyte Noreg og våre nærrområde direkte til Østersjøregionen. Dette forsterkar nordområdas betydning som eit av Russlands viktigaste operasjonsteater. Sjølv om Russland er svekka på einskilde område, er dette mest

sannsynleg ein tidsavgrensa tilstand og vi kan ikkje sjå bort frå ei raskare oppbygging av militær evne enn kva som no synes å vera tilfelle. Den midlertidige svekkinga av russiske konvensjonelle kapasitetar aukar samstundes Russlands vektlegging av kjernevåpen i sin globale avskrekking, vern av kjernevåpenstyrkane i nord, samt bruk av samansette verkemiddel. Russisk sjø- og luftmakt i nord er framleis intakt og det må takast høgde for at eit politisk og militært svekka Russland kan føre til eit meir uføreseieleg og risikovillig Russland, på kort og lang sikt.

Samstundes ser vi viktige og positive utviklingstrekk, mellom anna eit betydeleg styrka alliert samhald og betydninga av NATO. Blant våre allierte er det ei brei erkjenning av behovet for å auka alliansen og medlemslanda si kollektive forsvarsevne. Det inneber at vi kan forventast meir frå våre allierte, men også at dei forventast meir av oss. Både om kor mykje pengar vi skal bruke på vårt eige forsvar, og når det gjeld våre bidrag til alliert innsats. Dette har medført ein historisk vilje til satsing på forsvar hos europeiske allierte. Eit samla Norden i NATO styrker også NATOs evne til avskrekking og kollektivt forsvar i vår del av Europa, og med felles forankring i NATO vert dørene opna for eit utvida og meir forpliktande forsvarssamarbeid i Norden. Den samla kampflyevna i Norden har auka betrakteleg. På norsk side har vi hatt ei tydeleg stemme i revitalisering av NATOs evne til kollektivt forsvar, noko som mellom anna har styrka den allierte merksemda om utfordringar i nordområda, og evna til å møte desse utfordringane på ein balansert måte.

Noreg må bidra til stabilitet og føreseielegheit i nærområda våre og vera førebudd på å ta eit større ansvar for eigen og alliert tryggleik, nasjonalt og internasjonalt. Forsvarets viktigaste oppgåve er å førebyggja og avskrekka aggresjon, åleine og i samvirke med allierte. Forsvaret av Noreg krev ein kontinuerleg innsats heime og ute for å fremja norske tryggingssinteresser, og styrka kapasitet, volum og fleksibilitet for å kontinuerleg hevda våre nasjonale interesser slik at Noreg ivaretek handlingsrom og innflytelse over eigen tryggleik. Dette inneber betydeleg evne til kontinuerleg overvaking og situasjonsforståing og tilgjenge på relevante styrkar for tidsriktig nærvær og påverking. Forsvaret må innrettast med kapasitet, volum og fleksibilitet for eit høgare og vedvarande aktivitetsnivå.

## 1.2 Forsvarssektoren i 2023

Den skjerpa tryggingssituasjonen i nærområda våre inneber større krav om eit meir aktivt forsvar som kan reagere raskt om naudsynt. Fleire hendingar i nærområda våre gjer at regjeringa har prioritert å oppretthalde aktiviteten i Forsvaret. I 2023 har den viktigaste og mest prioriterte saka vore å oppretthalde og betre den operative evna i Forsvaret gjennom daglege operasjonar, og ha tilstrekkeleg beredskap og evne til operasjonar i krise og krig. Forsvarssektoren har samstundes bidrege med betydelege ressursar i arbeidet med donasjonar og anna støtte til Ukraina gjennom Nansen-programmet. Saman med innfasing og tilpassing av nye kapasitetar gjev det betydelege leveranseforventningar også til Forsvarsmateriell, Forsvarsbygg og Forsvarets forskingsinstitutt.

Regjeringa er samstundes opptatt av at den nasjonale forsvarsevna skal styrkast på lenger sikt. Eit sterkt nasjonalt forsvar med evne til å ta i bruk, legge til rette for og samverke med alle komponentane i forsvarskonseptet, i heile skalaen fred, krise og krig, er ein grunnleggande føresetnad for å bygge naudsynt forsvarsevne.

## 1.3 Prioriteringar

I denne proposisjonen foreslår regjeringa naudsynte endringar i forsvarsbudsjettet for 2023. For å skapa best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet vart vedteke, legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingane til forsvarsbudsjettet for 2023.

Regjeringa er opptatt av å halda omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som kravet om realistisk budsjettering vert vareteke. Det er til saman identifisert om lag 2,0 mrd. kroner i auka utgifter i forsvarssektoren. Om lag 1,8 mrd. kroner av desse utgiftene er knytt til auka pensjonspremie samt drivstoff, og valutaprisar. Regjeringa foreslår ein eingangsauke i den generelle driftsløyvinga til Forsvaret på 900 mill. kroner for å oppretthalde forsvarsevna og ambisjonane i inneverande langtidsplan. Samstundes foreslår regjeringa ei auke på om lag 213 mill. kroner knytte til utbetalingar til NATO, valutajustering i store materiellprosjekt, Forsvarets bistand til Utenriksdepartementet, og utbetringar etter uveret Hans. Regjeringa foreslår òg tekniske endringar og overføringar til og frå andre departement. Andre auka utgifter i forsvars-

sektoren vert foreslått dekkja gjennom omprioritering frå investering til drift.

Samstundes iverksett Forsvaret tiltak med låg operativ konsekvens for å bidra til å handtere delar av utgiftene, derunder mindre reduksjonar i gjenståande aktivitetar i 2023 for Forsvarets sanitet, Hæren, Sjøforsvaret og Kystvakta. Mindre utgifter og ikkje budsjetterte meirinntekter utan ein motsvarande utgiftsside er foreslått nytta til å balansera sektoren sine utgifter. Sjå omtale under dei einskilde budsjettkapitla.

Reduksjonar på investeringsbudsjettet i det omfanget som er naudsynt for å dekkja utgiftene vil kunne handterast innanfor forsvarsbudsjettet i 2023. På middels og lengre sikt kan reduksjonen få konsekvensar for evna til gjere nye investeringar og møta behov for endringar i eksisterande prosjekt.

#### 1.4 Militær støtte til Ukraina i 2023

Ukrainas behov for militær støtte i 2023 er omfattande og akutt. Gjennom behandlinga av Innst. 7 S (2022–2023) til Prop. 1 S (2022–2023) løyva Stortinget 1 mrd. kroner til militær støtte til Ukraina. Gjennom behandlinga av Innst. 218 S (2022–2023) til Prop. 44 S (2022–2023) og etableringa av Nansen-programmet for Ukraina vart ramma for militær støtte til Ukraina auka med 7,5 mrd. kroner. Regjeringa har seinare beslutta å utvide ramma i Nansen-programmet med ytterlegare 2,5 mrd. kroner i 2023, mot ein motsvarande reduksjon i seinare år. Dette for å leggja til rette for naudsynt støtte i 2023, slik det vart omtalt i Prop. 1 S (2023–2024). Nansen-programmet har verketid frå 2023 til 2027, og har ei samla økonomisk ramma på 75 mrd. kroner til både sivil og militær innsats.

Norsk støtte til Ukraina er innretta mot fire hovudspor: 1) donasjonar frå forsvarsektoren, 2)

anskaffingar frå industri, 3) tilskott til internasjonale finansieringsmekanismer, 4) trening og opplæring av ukrainsk personell.

Ukrainas behov vert lagt til grunn ved beslutning om militær støtte. Regjeringa har i 2023 prioritert donasjonar frå forsvarssektoren, for i størst mogleg grad kunne imøtekomma ukrainske behov raskt. Donasjonar i 2023 omfattar mellom anna luftvern, artilleriammunisjon, ulikt materiell for minerydding og mellom anna stridsvogner, støttevogner og ammunisjon. Utgiftene til gjenanskaffing av donert militært materiell kjem fyrst seinare år, grunna leveringstida på dette materialet. Nansen-programmet legg til grunn at donert materiell som ein hovudregel vert gjenanskaffa. Regjeringa legg opp til at desse utgiftene vert finansiert innafor den foreslegne ramma til militær støtte til Ukraina.

I 2023 er det også beslutta å donera mellom anna Black Hornet Nano-dronar, og feltrasjonar frå forsvarsindustrien. Tilskott til internasjonale finansieringsmekanismer er eit sentralt verkemiddel for å leggja til rette for ulike anskaffingar eller støtte. Desse er omtalt under pkt. 4 *Informasjonsaker*. Einskilde tilskott er ikkje omtalt av graderingsomsyn. Regjeringa sørgjer for konsultasjonar med Stortingets eigna organ i slike tilfelle. Saman med allierte og partnerar bidreg Noreg til trening og utdanning av ukrainsk personell i 2023. Dette omfattar mellom anna operasjon Interflex i Storbritannia, EUs treningsmisjon til Ukraina, der Noreg deltar med personell i Tyskland og Polen og eksplosivrydding i Litauen i ei nordisk ramme og fagtrening i Trøndelag. I 2023 er det òg gjennomført trening på donert materiell etter høve, både i Noreg og i utlandet. Trening på F-16 i Danmark vil også være eit viktig bidrag frå Noreg i 2023 og framover.

Tabell 1.1 Verdi av regjeringas avgjerd om militær støtte til Ukraina, for 2023, fordelt på dei fire hovudlinjene for militær støtte, per 15. november 2023 (i 1 000 kr.):

Kategori	(i mill. kroner)
Donasjonar frå eigen struktur	7 826
Anskaffingar frå forsvarsindustrien	452
Tilskott til internasjonale finansieringsmekanismer	1 270
Trening av ukrainsk personell	746
<b>Total militær støtte 2023</b>	<b>10 294</b>

## 1.5 Grunnlaget for omgrupperinga

### 1.5.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er saldert budsjett for 2023, midlar overførte frå 2022 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også teke omsyn

til forsvarssektoren sin del av lønnskompensasjonen for 2023. Totalt utgjer omgrupperinga for 2023 ein foreslått auke i løyvinga til utgifter for Forsvarsdepartementet på 861,168 mill. kroner og ein foreslått auke i inntektsramma på 194,219 mill. kroner.

Tabell 1.2 Disponible midlar på utgiftssida, før omgruppering 2023, kjem fram slik (i 1 000 kr.):

Saldert budsjett for 2023	75 832 904
Innst. 218 S (2022–2023) til Prop. 44 S (2022–2023) <i>Endringer i statsbudsjettet 2023 under Utenriksdepartementet og Forsvarsdepartementet (nytt Nansen-program for Ukraina og ettårig ekstrabevilgning til utviklingsland som er særleg rammet av krigens ringvirkningar)</i>	4 734 000
Innst. 490 S (2022–2023) til Prop. 118 S (2022–2023) <i>Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023 (RNB)</i>	2 122 876
Budsjettmessige verknader av lønnsoppgeret i det statlege tariffområdet i 2023	856 897
= Løyvingar før omgrupperinga	83 546 677
+ Midlar overførte frå 2022	3 082 752
= Disponible midlar i 2023 før omgrupperinga	86 629 429

Tabell 1.3 Løyvingar på inntektssida, før omgruppering 2023, kjem fram slik (i 1 000 kr.):

Saldert budsjett for 2023	9 209 249
Innst. 490 S (2022–2023) til Prop. 118 S (2022–2023) <i>Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023 (RNB)</i>	-516 169
= Inntektskrav før omgrupperinga	8 693 080

### 1.5.2 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor viser løyvingsbehov knytt til omgrupperingsproposisjonen for 2023.

Tabell 1.4 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kr.):

Auke knytt til meirinntekter	336 800
Tilleggsloyving	686 195
Parallelljusteringar	-142 581
Overføring til andre departement	-19 246
= Sum behov ved omgrupperinga	861 168
+ Løyvingar før omgrupperinga	83 546 677
= Løyvingar etter omgrupperinga	84 407 845
+ Midlar overførte frå 2022	3 082 752
= Samla disponible midlar i 2023 etter omgrupperinga	87 490 597

Tabell 1.5 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kr.):

Meirinntekter i omgrupperinga	336 800
Parallelljusteringar	-142 581
+ Løyvingar før omgrupperinga	8 693 080
= Løyvingar etter omgrupperinga	8 887 299

## 2 Forslag til utgifts- og inntektssendringar på kapittelnivå

### Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

		(i 1 000 kr.)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	671 512	705 060	713 560
22	IKT-verksemd	531 645	654 964	513 364
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	5 991	4 179	2 179
53	Overføring til kommunar og fylkeskommunar	13 300	13 300	14 669
71	Overføring til andre	82 210	83 966	81 966
78	Noregs tilskott til NATO sitt og internasjonale driftsbudsjett	653 361	674 523	651 350
79	Militær støtte til Ukraina	572 000	3 072 816	2 046 278
90	Kapitalinnskott, NATO innovasjonsfond	24 680	24 680	27 243

#### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker Forsvarsdepartementets ordinære driftsutgifter som lønn og godtgjersler, reiser i inn- og utland, representasjon, kompetanseoppbygging, utgifter til husleige og vedlikehald og drift av bygningsmassen. I tillegg dekker posten mellom anna utgifter til Forsvarsdepartementets internrevisjon, utgifter til Noregs faste delegasjon til NATO og forsvarsrådar, forsvarsattachear og militærrådgivarar ved norske utanriksstasjonar. Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 8,500 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 4,900 mill. kroner knytt til eit høgt aktivitetsnivå ved alle avdelingar i Forsvarsdepartementet som følgje av tryggingssituasjonen i Europa. Dette har ført til fleire arbeidstimar og reiseaktivitet enn fyrst budsjettert. Om lag 1 mill. kroner av er knytt til høgare aktivitet i Forsvarsdepartementet som følgje av krigen i

Ukraina, sjå omtale på kap. 1700, post 79. Forsvarsdepartementet foreslår difor ei omdisponering frå kap. 1760, post 45, til kap. 1700, post 01.

- 2,000 mill. kroner til forlenging av eit bistandsprosjekt til støtte for ukrainske styresmakter i samband med å betre integritet og profesjonalitet i den ukrainske forsvarssektoren. Tiltaket skal betre styresettet og dermed redusere risikoen for korrupsjon. Prosjektet gjennomførast av *Centre for Integrity in the Defence Sector*, som er ein integrert del av Forsvarsdepartementet.
- 1,600 mill. kroner knytt til internasjonale stillingar som formannskap i NATOs investeringskomité og til stilling ved NATOs *Climate Change and Security Center of Excellence*.

#### Post 22 IKT-verksemd

Posten dekker Forsvarsdepartementets utgifter til drift og investering i Forsvarsdepartementets IKT-organisasjon. Forsvarsdepartementets IKT-

organisasjon (FD IKT) leverer graderte IKT-tenester til statlege og private verksemder underlagt Lov om nasjonal tryggleik. Dette gjeld blant anna leveransar av Nasjonalt BEGRENSA nett (NBN) og Nasjonalt HEMMELEG nett (NHN). I tillegg leverer FD IKT ugraderte IKT-tenester, samt understøtting av situasjonssenteret i Forsvarsdepartementet (SITSEN). Posten dekker også utgifter knytt til Program for Felles IKT-tenester i departementa. Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 141,6 mill. kroner.

Det vert foreslått ein reduksjon på 170 mill. kroner knytt til mindreforbruk i Program for Felles IKT-tenester for departementa (Programmet). Det forventta mindreforbruket skuldast i all hovudsak endra periodisering av investeringane i prosjektet. Dataangrepet mot Service- og tryggingorganisasjonen til departementa har ført til ei ny utgreiing av fleire alternativ for framtidig plattformløysing, og opphavleg plan om å starte gjennomføringa av prosjektet i 2023 er forskyve til 2024. Regjeringa legg opp til å kome tilbake med forslag til motsvarande auka løyving i 2024 i revidert nasjonalbudsjett for 2024.

Det vert foreslått ei auke på 25 mill. kroner knytt til auka brukarbetaling for Nasjonalt BEGRENSA Nett. Som følgje av dataangrepet mot service- og tryggingorganisasjonen til departementa kjem departementa og underliggjande verksemder til å bestille tilgang til Nasjonalt BEGRENSA Nett i eit større omfang enn opphavleg planlagt. Meirinntektene på kap. 4700, post 02, fører med seg ein motsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Løyvinga vert òg foreslått auke med 3,4 mill. kroner til handtering av Forsvarsdepartementets utgifter som følge av dataangrepet mot departementsfellesskapets IT-system sommaren 2023. Forsvarsdepartementets utgifter er i hovudsak knytte til å skaffa IKT-utstyr, samt arbeidstimar knytte til meirarbeid i tida etter angrepet.

#### *Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet*

Posten består av midlar som er disponerte av forsvarsministeren til spesielle behov, som krev rask avklaring og som oppstår i løpet av året. Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 2,000 mill. kroner knytt til ei forlenging av eit bistandsprosjekt til støtte for ukrainske styresmakter på kap. 1700, post 01.

#### *Post 53 Risikokapital, NATOs Innovasjonsfond*

Posten dekker Noregs risikokapital i NATO innovasjonsfond. Noregs del av fondet er fordelt med 65 pst. som lånetransaksjon og 35 pst. som ordinær utgift. Løyvinga på posten er foreslått auka med 1,369 mill. kroner grunna utgiftsauke som følgje av valutaendringar. Midlane blir forvalta av Investinor for Forsvarsdepartementet.

#### *Post 71 Overføring til andre*

Posten dekker Forsvarsdepartementet sine tilskott til frivillig sektor og andre tilskottsmottakrar. Løyvinga på posten er foreslått redusert med 2,000 mill. kroner knytt til etablering av ei ny databaseløysing for forsvarleg lagring av digitale arkivalia etter Forsvarets deltaking i internasjonale operasjonar. Midlane er foreslått omdisponert til kap. 1720, post 01, sjå omtale av etableringa under denne posten.

#### *Post 78 Noregs tilskott til NATOs og internasjonale driftsbudsjett*

Posten dekker Noreg sitt bidrag til driftsbudsjetta i NATO, inkludert drift av kommandostrukturen og overvåkings- og kommunikasjonssystem. Posten dekker også øving av NATO-styrker, betalningar til pensjonar og den fellesfinansierte delen av NATO-leia operasjonar. Vidare dekker posten Forsvarsdepartementet sine utgifter forbunde med Noreg si tilknytning til materiellsamarbeidet innfor ramma av det forsvarspolitiske samarbeidet i EU, derunder det europeiske forsvarsfondet, samt til fleirnasjonalt samarbeid innfor områdene strategisk lufttransport og tankfly.

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 23,173 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med 92,0 mill. kroner knytte til ei auke i NATO sine driftsutgifter og utgifter til fellesfinansieringa i NATO. Desse aukane vart vedteke på NATO sitt toppmøte i 2022. Årsakene til dette behovet er stigande utgifter til å drifte militærkommandoane, øvingar, drifta av luftovervaking og -transport, og til pensjonar. I tillegg har det vore ei kraftig svekking av kronekursen og ein stigande inflasjon.

Posten er samstundes foreslått redusert med 115,173 mill. kroner knytt til kontingent til det europeiske forsvarsfondet. For 2023 vart det opphaveleg budsjettert med 218 mill. kroner, mens endeleg kontingent vart om lag 103 mill. kroner.

### *Post 79 Militær støtte til Ukraina*

Posten dekker den militære støtte til Ukraina, herunder løyvingar til den militære delen av Nansen-programmet, jf. Prop. 44 S (2022–2023), samt løyvinga i saldert budsjett 2023.

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 1 026,538 mill. kroner. Som omtalt under pkt. 1.4 har regjeringa beslutta å auke ramma for militær støtte til Ukraina i 2023 med 2,5 mrd. kroner. Samla sett reduserast likevel løyvinga på posten for å handtere fremtidige gjenanskaffelsar av donert materiell, verdien av donert overskuddsmateriell, anskaffelsar frå forsvarsindustrien, og utgifter til trening, samt andre utgifter i forsvarssektoren i samband med programmet som omdisponerast til andre budsjettkapitel. Dette utgjer ei reduksjon på 3 526,5 mill. kroner.

Nansen-programmet er delt i fire hovudlinjene for militær støtte. Omtale av tilskott som del av den militære støtta er omtala under pkt. 4. Løyvingsendringane på kap. 1700, post 79, fordelar seg slik innanfor dei andre tre hovudlinjene:

#### *Donasjonar av materiell frå forsvarssektoren*

Samla redusast kap. 1700, post 79, med omlag 2 807,3 mill. kroner til donasjonar frå forsvarsektoren.

Omlag 157,8 mill. kroner foreslåast omdisponert frå kap. 1700, post 79, til kap 1720, post 01, som følgje av donasjonar til Ukraina. Omdisponeringane gjeld i hovudsak handtering av utgifter Forsvaret har hatt til transport og klargjering ifm. donasjonar (om lag 47,8 mill. kroner) samt gjenanskaffelse av donert 12,7 mm ammunisjon (110,0 mill. kroner).

4,0 mill. kroner foreslåast omdisponert til kap 1760, post 01, knytt til utgifter Forsvarsmateriell har hatt til klargjering og transport ifm. donasjonar.

2 602,9 mill. kroner midlane foreslåast redusert frå kap 1700, post 79 for gjenanskaffelse som følgje av donasjonar til Ukraina. Donasjonane omfattar mellom anna NASAMS-luftverneiningar (312,6 mill. kroner), IRIS-T luftvernmissilar (995,0 mill. kroner), tilhøyrande våpen ifbm. donasjon av beltegåande logistikkvogner med (om lag 10,8 mill. kroner), mineryddeutstyr (131,0 mill. kroner), og artillerigranatar i samarbeid med Danmark (350,0 mill. kroner). Det er samstundes foreslått reduksjoner for om lag 803,5 mill. kroner

som følgje av regjeringsbeslutningar om donasjonar som enda ikkje er offentleggjort.

42,6 mill. kroner av midlane førreslåst redusert frå kap 1700, post 79, som følge av donasjon av overskuddsmateriell. Donasjonane omfattar mellom anna ikkje-dødeleg materiell frå Forsvarets avhendingslagre (22,0 mill. kroner), Dingo-køretøy med tilhøyrande væpning (15,5 mill. kroner) som del av *International Fund for Ukraine* si anskaffing av anti-droneløysning frå *Kongsberg Defence and Aerospace*, beltegåande logistikkvogner (5,1 mill. kroner) og donert overskuddsutstyr ifm. NASAMS-donasjon (60 000 kroner).

#### *Anskaffingar frå industrien*

Samla reduserast kap. 1700, post 79, med 411,1 mill. kroner til anskaffingar frå industrien.

348,5 mill. kroner av desse midlane foreslåast omdisponert frå kap. 1700, post 79, til kap 1720, post 01 for å finansiere Noregs tilskot av ammunisjonsanskaffing (200,0 mill. kroner) gjennom *NATO Support and Procurement Agency*, materiell til donasjon i forbindelse med eksplosivryddeutdanning i Litauen (omlag 1,5 mill. kroner), og feltasjonar (27,0 mill. kroner). Det er samstundes foreslått ei omdisponering for 120 mill. kroner som følgje av regjeringsbeslutningar om anskaffingar av materiell for donasjon som enda ikkje er offentleggjort.

22,6 mill. kroner foreslåast omdisponert til kap. 1760, post 01, ifm. Forsvarsmateriell oppfølging av donert materiell (2,6 mill. kroner) og utvida prosjekt frå 2022 for donasjon av ambulansbussar og sanitetsutstyr (20 mill. kroner).

314,0 mill. kroner foreslåast omdisponert til kap 1760, post 45, for å finansiere anskaffinga av Black Hornet-droner for donasjon (214,0 mill. kroner), samt at det er foreslått ei omdisponering på 100 mill. kroner til anskaffingar som endå ikkje er offentleg gjort.

I Prop. 18 S (2022–2023) informerte Forsvarsdepartementet om intensjonen om å anskaffe M-72 panservernrakettar og M141 rakettkastarar for om lag 280,000 mill. kroner frå produsent. Anskaffinga kunne ikkje gjennomførast i tråd med opprinneleg plan. Dette inneber ei tilbakeføring av 274,0 mill. kroner til kap. 1700, post 79 frå kap. 1760, post 45. Det opprinnelege beløpet på 280 mill. kroner er noko redusert grunna utgifter Forsvarsmateriell har hatt i forbindelse med den opprinnelege donasjonen (6,0 mill. kroner).

*Trening av ukrainsk personell*

Samla reduserast kap. 1700, post 79, med 291,5 mill. kroner til trening av ukrainsk personell.

227,2 mill. kroner av desse midlane foreslåast omdisponert frå kap. 1700, post 79, til kap. 1720, post 01, knytt til trening av ukrainsk personell. Treninga omfattar mellom anna ein ekstra kontingent med fagutdanning av ukrainsk personell i Trøndelag (8,0 mill. kroner), utdanning og trening på NASAMS-luftvernssystem (omlag 60,7 mill. kroner), auka utgifter til Noregs bidrag til operasjon Interflex i Storbritannia (65,0 mill. kroner) og EUs treningsmisjon i Tyskland (70,0 mill. kroner), F-16-trening i Danmark (11,0 mill. kroner), trening på eksplosivrydding i Litauen (2,5 mill. kroner) og småbåttrening av ukrainsk personell (10,0 mill. kroner).

14,3 mill. kroner foreslåast omdisponert frå kap. 1700, post 79, til kap. 1760, post 01, for klargjering av F-16 fly for trening og utdanning av ukrainarar i Danmark.

50,0 mill. kroner foreslåast omdisponert frå kap. 1700, post 79, til kap. 1760, post 45, for materiellanskaffingar og andre utgifter i forbindelse med trening og utdanning av ukrainske pilotar på F-16 fly i Danmark.

*Andre endringar*

Samla reduserast kap. 1700, post 79, med 16,6 mill. kroner til andre utgifter i forbindelse med donasjonar og militær støtte til Ukraina.

Om lag 1,0 mill. kroner gjeld kap 1700, post 01, for å dekke auka utgifter for Forsvarsdepartementet, hovudsakeleg knytt til reise og meirarbeid i forbindelse med Ukraina-arbeidet. Desse er foreslått omdisponert frå kap 1700, post 79, til kap 1700, post 01.

5,0 mill. kroner er foreslått omdisponert til kap 1720, post 01, for å dekke viktig nærvær ved det internasjonale koordineringssenteret for trening og militær støtte til Ukraina i Wiesbaden, Tyskland.

Forsvarsmateriell bidrar med betydelege ressursar inn i Ukraina-arbeidet. Om lag 10,6 mill. kroner vert difor foreslått omdisponert frå kap. 1700, post 79, til kap. 1760, post 01, knytt til meirarbeid i og støtte til FMA i forbindelse med Ukraina-donasjonar.

*Post 90 Kapitalinnskot, NATO innovasjonsfond*

Posten dekker Noregs kapitalinnskot i NATO innovasjonsfond. Noregs del av fondet er fordelt med 65 pst. som lånetransaksjon og 35 pst. som ordinær utgift. Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 2,563 mill. kroner grunna utgiftsauke som følgje av valutaendringar. Midlane blir forvalta av Investinor for Forsvarsdepartementet.

**Kap. 4700 Forsvarsdepartementet**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
02	IKT-verksemd, inntekter	95 920	95 920	120 920

*Post 02 IKT-verksemd, inntekter*

Posten omfattar inntekter frå brukarbetaling for tilkopling til Nasjonalt BEGRENSET Nett og Nasjonalt HEMMELEG Nett. Løyvinga på posten er foreslått auka med 25,000 mill. kroner knytt til

auka brukarbetaling for Nasjonalt BEGRENSET Nett. Netto meirinntekter fører til ein motsvarande auke av utgiftsramma på kap. 1700, post 22, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.



**Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 505 151	6 116 620	6 141 235
47	Nybygg og nyanlegg	3 993 600	4 012 512	4 147 162

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten omfattar utgifter knytt til forvaltning, drift, vedlikehald, utskiftingar og utvikling av forsvarssektoren sin portefølje for eigedom, bygg og anlegg (EBA). Videre omfattar posten mellom annet utgifter til miljøtiltak, beredskapsarbeid, tilrettelegging for allmenn verneplikt og oppdrag som blir gjennomført for andre verksemder. I denne proposisjonen vert det foreslått endringar i inntekter og utgifter for tenester som Forsvarsbygg leverer. Endringar i utgiftene eller inntektene for desse tenestene medfører som utgangspunkt ei motsvarande endring i inntekts- eller utgiftsramma, ei såkalla parallelljustering. Netto meirinntekter fører til ein motsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt. Forsvarsdepartementet foreslår òg reduserte utgifter knytt justert tidspunkt for overføring av reinhaldsfunksjonane i Forsvaret til Forsvarsbygg. Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 24,615 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 221,350 mill. kroner knytt til auka etterspurnad frå Forsvaret for tilleggstenester frå Forsvarsbygg. Utgiftene har ei motsvarande inntekts- side, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.
- 125,955 mill. kroner knytt til auka inntekter frå husleige, basert på Forsvarsbygg sin leigemodell. Utgiftene har ei motsvarande inntekts- side, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.
- 13,476 mill. kroner knytt til endra framdrift i fleire prosjekt i NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. Det omfattar prosjekt *Stavanger – Augment the JWC Training and Exercise Capability* (5,4 mill. kroner), fleire prosjekt i tidleg fase (5,1 mill. kroner) og netto auke i ulike prosjekt (3 mill. kroner). Utgiftene har ei motsvarande inntektsside, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.

- 10,518 mill. kroner knytt til auka inntekter som følge av brukardefinert utvikling av forsvarssektorens EBA, deriblant nye avtalar og justerte prognosar på eksisterande prosjekt. Utgiftene har ei motsvarande inntektsside, jf. inntektsauke på kap. 4710, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 318,717 mill. kroner knytt til reduserte inntekter grunna lågare prognose for vidaresal av forsyningstenester, hovudsakeleg straum. Utgiftsreduksjonen har ei motsvarande inntektsside, jf. inntektsreduksjonen på kap. 4710, post 01.
- 23,592 mill. kroner knytt til reduksjon i oppdragsfinansierte inntekter, i hovudsak grunna endra framdrift i prosjekt som blir gjennomført for Justis- og beredskapsdepartementet. Utgiftsreduksjonen har ei motsvarande inntektsside, jf. inntektsreduksjon på kap. 4710, post 01.
- 4,375 mill. kroner knytt til justert tidspunkt for overføring av reinhaldsfunksjonane i Forsvaret til Forsvarsbygg, jf. utgiftsauke og omtale av saka på kap. 1720, post 01.

*Post 47 Nybygg og nyanlegg*

Posten omfattar investeringar i EBA som i hovudsak følger av prioriteringar i langtidsplanen. Dette inkluderer EBA til materiellprosjekt. Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 134,650 mill. kroner. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2023 vert det løyva 167,3 mill. kroner til Forsvaret for å gjennomføra tiltak på Andøya. Tiltaka skal frigjera areal for å leggja til rette for sivil næringsverksemd og betra evna til å støtta alliert mottak i nord. Om lag 134,7 mill. kroner av løyvinga er knytt til investeringsbehov i EBA på Andøya, og midlane er difor foreslått omdisponert frå Forsvaret på kap. 1720, post 01.

**Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	4 765 741	4 847 779	4 876 769
47	Sal av eigedom	557 000	634 000	648 000

*Post 01 Driftsinntekter*

Posten omfattar inntekter knytt til mellom anna forvaltning, drift, vedlikehald, utskiftingar og utvikling av EBA i forsvarssektoren, og oppdrag som vert gjennomført for andre verksemder, med motsvarande utgifter på kap. 1710, post 01. Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 28,990 mill. kroner. Meirinntektene fører med seg ein motsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Posten er foreslått auka med:

- 221,350 mill. kroner knytt til auka etterspurnad frå Forsvaret for tilleggstenester frå Forsvarsbygg.
- 125,955 mill. kroner knytt til auka inntekter for husleige, basert på Forsvarsbygg sin leigemodell.
- 13,476 mill. kroner knytt til endra framdrift i prosjekt i NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. Det omfattar prosjekt *Stavanger – Augment the JWC Training and Exercise Capability* (5,4 mill. kroner), fleire prosjekt i tidleg fase (5,1 mill. kroner) og netto auke i ulike prosjekt (3 mill. kroner).

- 10,518 mill. kroner knytt til auka inntekter som følge av brukardefinert utvikling av EBA i forsvarssektoren, deriblant nye avtalar og justerte prognosar på eksisterande prosjekt.

Posten er foreslått redusert med:

- 318,717 mill. kroner knytt til reduserte inntekter grunna lågare prognose for vidaresal av forsyningstenester, hovudsakeleg straum.
- 23,592 mill. kroner knytt til reduksjon i oppdragsfinansierte inntekter, i hovudsak grunna endra framdrift i prosjekt som blir gjennomført for Justis- og beredskapsdepartementet.

*Post 47 Sal av eigedom*

Posten omfattar netto inntekter frå sal av fast eigedom. Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 14,000 mill. kroner. 9,5 mill. kroner er knytt til høgare innbetaling av leige for militær infrastruktur i tilknytning til Bodø lufthamn. 4,5 mill. kroner er knytt til betre prisar enn forventa for Forsvarsbygg sine salsobjekt. Netto meirinntekter inneber ein motsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt. Forsvarsdepartementet foreslår at meirinntektene nyttast under kap. 1760, post 45, for å handtere utgiftsauka i sektoren.

**Kap. 1716 Forsvarets forskingsinstitutt**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
51	Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt	252 010	266 254	290 854

*Post 51 Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt*

Tilskottet til FFI består av basisfinansiering, samt tilskott til hav- og miljøkartlegging, identifiseringlaboratorium og tverrfagleg forskning på personell og kompetanse i forsvarssektoren. Basisfinansieringa bidreg til å oppretthalde FFIs grunn-

forskning, og er ein føresetnad for å utvikle og bevare kompetanse som nyttast i kundefinansierte oppdrag på høgare teknologiske område.

Ekstremværet Hans gjorde skader på FFIs lokalar på Kjeller. Utgiftene til utbetring av desse skadane er berekna til 18 mill. kroner i 2023. FFI har også auka utgifter til drivstoff for forskings-

fartøyet H.U. Sverdrup II, på 3,6 mill. kroner. I tillegg er det foreslått å handtere auka utgifter grunna endra straumprisar på 3,0 mill. kroner.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 24,600 mill. kroner.

## Kap. 1720 Forsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	35 432 556	37 860 970	40 224 972
71	Overføring til andre	44 305	41 183	41 583

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker drift av Forsvaret, ekskl. Etterretningstenesta. For å oppretthalde forsvarsevna og ambisjonane i inneverande langtidspan foreslår Regjeringa at auka utgifter vert handtert dels gjennom ei omdisponering av midler frå investering til drift og dels gjennom tilleggsløyving. Forslaget inneheld endringar for å handtere store utgiftsaukar knytt til valuta, drivstoff og pensjon. I tillegg er nokre av dei største endringane knytt til den militære støtta til Ukraina, samt bistand frå Forsvaret til hendingane i Tyrkia og Sør-Sudan. Ut over dette inneheld løyvingsforslaget i hovudsak endringar av teknisk karakter.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 2 364,002 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 738,518 mill. kroner knytt til militær støtte til Ukraina jf. endringane beskriva i pkt. 1.4 og under kap. 1700, post 79.
- 704,810 mill. kroner knytt til auka utgifter grunna valutaendringar.
- 622,506 mill. kroner knytt til auka pensjonsutgifter. I 2022 vart det innført ein ny hendingsbasert og verkemdsspesifikk premiemodell for pensjon for statlege verksemder. Frå 2022 til 2023 har det oppstått auka utgifter knytt til pensjon i Forsvaret og Forsvarsmateriell.
- 440,008 mill. kroner knytt til auka utgifter som følgje av høgare prisar på drivstoff.
- 21,725 mill. kroner knytt til Forsvarets bistand ved alvorlege hendingar i utlandet, mellom anna særskilt støtte frå Luftforsvaret med transportfly C-130J Hercules.
- 15,372 mill. kroner knytt til oppgjer med Redningshelikoptertenesta etter innføringa av ny nøkkel for berekning av utgifter for gjenbruk og returpliktig materiell i 2022.

- 14,650 mill. kroner knytt til ei mindre utgiftsauke frå endringane i revidert nasjonalbudsjett 2023 som følgje av ny prognose for energiprisar.
- 4,375 mill. kroner knytt til justert tidspunkt for overføring av renholdsfunksjonane i Forsvaret til Forsvarsbygg. Dette samlikna med det som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2023, og Forsvaret har difor hatt utgifter i perioden som det var lagt til grunn at Forsvarsbygg ville handtere. Deler av løyvinga til Forsvarsbygg foreslåast difor tilbakeført til Forsvaret.
- 2,000 mill. kroner slik at Forsvarets avdeling for regelverk og dokumentasjonsforvaltning kan skaffe ei databaseløysing for forsvarleg lagring av digitale arkivalia etter Forsvarets deltaking i internasjonale operasjonar. Midlane er foreslått tilført Forsvaret i 2023 slik at Forsvaret kan inngå nødvendige avtaler før årsskiftet.
- 0,375 mill. kroner knytt til ei endra modell for gjennomføring av stabsskulen ved Forsvarets høgskole. Heiltidgjennomføring med beordring til Forsvaret i masterperioden medfører at lønnsutgiftene til studentane frå Forsvarsmateriell belastast Forsvarets kapittel.
- 0,277 mill. kroner knytt til utgiftsfordeling ved felles kjøp av IKT-utstyr ved Haakonvern Orlogsstasjon. Utgiftsfordelinga inneber ei omdisponering mellom Forsvaret og Forsvarsmateriell.

Posten er foreslått redusert med:

- 149,650 mill. kroner av løyvinga i revidert nasjonalbudsjett til sikringstiltak ved Andøya der tiltaka er knytt til investeringsbehov. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert omdisponert til kap. 1710, post 47, og kap. 1760, post 45, jf. omtale på desse postane.
- 21,500 mill. kroner knytt til redusert aktivitet i Forsvaret ut 2023. Redusert aktivitet er eit nød-

vendig tiltak for å handtere auka utgifter i forsvarssektoren jf. omtale i pkt. 1.3.

- 16,000 mill. kroner knytt til innsparingstiltak ved å utsette innkjøp av drivstoff til 2024. Utsette innkjøp av drivstoff er eit nødvendig tiltak for å handtere auka utgifter i forsvarssektoren. Reduserte innkjøp i 2023 inneber også at meirbehovet på drivstoffutgifter vert redusert med om lag 9,5 mill. kroner i 2023, som gjer ein samla innsparing på 25,5 mill. kroner.
- 9,700 mill. kroner knytt til ekstraordinær arbeidsgivaravgift for tilsette ved Redningshelikoptertenesta som vart tildelt i revidert nasjonalbudsjett 2023. Løyvinga er foreslått overført til Justis og beredskapsdepartementets kap. 454, post 01.
- 4,100 mill. kroner knytt til bonusutbetaling for personell som gjer teneste i Redningshelikoptertenesta. Forsvarsdepartementet foreslår at lønnsutgiftene vert omdisponerte frå kap. 1720, post 01, til kap. 1791, post 01.
- 0,400 mill. kroner knytt til Norges Hjemmefrontmuseums tilskottsordning, jf. omtale under kap. 1720, post 71.

#### Post 71 Overføring til andre

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 0,4 mill. kroner.

Norges Hjemmefrontmuseum (NHM) støttar kvart år eksterne bokprosjekt for å bidra til utgjeving av vitksapelege og populærvitksapelege bøker om norsk forsvarshistorie og norsk okkupasjonshistorie, som er avhengig av produksjonsstønad for å kunne nå ut til eit større publikum. Omsøkte prosjekt skal tilfredsstillе vitksapelege og faglitterære kriterium. I 2022 støtta NHM fem bokprosjekt. Tilskottsordningas formål og vedtekter for tildeling går fram av retningslinjer for disponering av billettinntekter frå NHM.

Forventa tilskott over ordninga er 400 000 kroner i 2023. Midlane vert omdisponert frå kap. 1720, post 01 til post 71, for betre å etterleve krava i økonomiregelverket.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 0,400 mill. kroner.

## Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	2 106 718	2 318 456	2 408 926
44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonal finansiert del	147 690	152 328	97 028
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	21 296 264	22 791 761	22 407 201
48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del	470 000	470 000	206 700
75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik	123 208	125 840	192 953

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker utgiftene til å drifte etaten Forsvarsmateriell, utgifter til å gjennomføre materiellanskaffingsprosjekt og utgifter knytt til materiellforvaltning i forsvarssektoren.

Dei føreslegne endringane omhandlar i hovudsak auka utgifter i samband med donasjon av materiell til Ukraina, auka utgifter knytt til avhendinga av materiell, og handteringa av utgifter til energi.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 90,470 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 51,452 mill. kroner knytt til utgifter i samband med donasjon av materiell til Ukraina. Utgifta er knytt til overtid, utgifter til konsulenttenester medrekna arbeid i samanheng med trening av ukrainske pilotar på F-16, og at det for donasjon av ambulansebusser vart naudsynt å kjøpe nye i staden for brukte som var opphaveleg plan. Sjå omtale av den norske militære støtta til Ukraina under pkt. 1.4 og kap. 1700, post 79.
- 26,678 mill. kroner knytt til auka utgifter for avhendingsverksemda i Forsvarsmateriell, som har hatt lågare netto avhendingsinntekter enn budsjettet jf. fullmakta om nettobudsjet-

tering av salsomkostningar. Det vert no arbeide med framtidig sal av større system som skal ut av forsvarssektoren som kystvaktskip, P-3 Orion m.v. Det er viktig at dette arbeidet fortsett uavbrote for å legge til rette for framtidige salsinntekter. Forsvarsdepartementet foreslår utgiftene vert handtert gjennom ei omdisponering frå kap. 1760, post 45.

- 18,015 mill. kroner. Nasjonal tryggingmyndighet har midlar for FoU-relaterte investeringar på kap. 1760, postane 01 og 45. Det er behov for ei intern omfordeling mellom postane for å tilpasse løyvingane etter utgiftsart. Endringane er av teknisk karakter.
- 17,477 mill. kroner knytt til auka utgifter for Forsvarsmateriell etter innføring av ny pensjonspremiemodell. Sjå omtale av saka under pkt. 1.3 og på kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 22,500 mill. kroner knytt til mindreutgifter som følgje av redusert forbruk og energiprisar. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane vert omdisponerte frå posten til kap. 1760, post. 45.
- 0,375 mill. kroner knytt til ei endra modell for gjennomføring av stabsskulen ved Forsvarets høgskole. Heiltidgjennomføring med beordring til Forsvaret i masterperioden fører til at lønnsutgiftene til studentane frå Forsvarsmateriell belastast Forsvarets kapittel. Dette inneber ei redusert utgift på kap. 1760, post 01, med motsvarande auke av utgifter på kap. 1720, post 01. Endringa er av teknisk karakter.
- 0,277 mill. kroner knytt til utgiftsfordeling ved felles kjøp av IKT-utstyr ved Haakonssvern Orlogsstasjon. Utgiftsfordelinga innebær ei omdisponering mellom Forsvaret og Forsvarsmateriell. Endringa er av teknisk karakter.

#### *Post 44 Fellesfinansierte investeringar, nasjonal finansiert del*

Posten dekker dei nasjonale utgiftene knytt til gjennomføring av NATO sitt investeringsprogram for tryggleik, og prefinansiering av NATO-prosjekt i Noreg når dette er naudsynt.

Posten vert foreslått redusert med 55,300 mill. kroner som følgje av forsinka oppstart av fleire NATO-prosjekt, mellom anna prosjektet *Restore Runway* på Ørland samt utsett godkjenning av *Maritime Capability Programme Plan*.

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 55,300 mill. kroner.

#### *Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald*

Posten omfattar utgifter til materiellanskaffingar til forsvarssektoren, inkludert nye kampfly med baseløysing som til og med 2020 vart løyva over kap. 1761, og fleirnasjonale investeringsprogram i NATO. Posten omfattar også utgifter til forskings- og utviklingsaktiviteter (FoU) og innovasjon. Investeringsmidlar kan også nyttast til tiltak for å redusere driftsutgifter, auke produktiviteten eller forbetre kvaliteten på leveransar innanfor vedtatt struktur og ambisjonsnivå.

Endringane på posten skuldast i hovudsak ei forventta meirinntekt frå NATO, utgifter til donasjon av materiell til Ukraina og ei justering av valuta for store investeringsprosjekt. Endringane på posten omfattar også handtering av utgiftsauke i forsvarssektoren, mellom anna auka utgifter til drivstoff og pensjon.

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 384,560 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 322,800 mill. kroner knytt til ei forventta meirinntekt frå NATO på kap. 4760, post 48. Inntekta skuldast fleire prefinansierte prosjekt som no er godkjend i NATO og som Noreg får refusjon for. Netto meirinntekter fører til ein motsvarande auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt. Dette svarer til den motsvarande situasjonen kor auka behov handterast gjennom omdisponeringar frå kap. 1760, post 45.
- 90,000 mill. kroner knytt til donasjon av militært materiell til Ukraina, jf. omtale under pkt. 1.4 og kap. 1700, post 79.
- 81,244 mill. kroner knytt til valutajustering for investeringsprosjekta over 1 mrd. kroner. Endringa i valutaføresetnadene i budsjetterte utbetalingar i 2023 for store materiellprosjekt inneber forventta auka utgifter på til saman 2 016,956 mill. kroner i 2023. Med omsyn til valutajusteringa i saldert budsjett 2023 på 1 327,249 mill. kroner, og 608,463 mill. kroner i RNB 2023, foreslår Forsvarsdepartementet å valutajustere kap. 1760, post 45, med 81,244 mill. kroner. Valutajusteringa baserer seg på realiserte valutadifferansar til og med august 2023, pluss planlagde prosjekt med utbetaling til desember 2023 i utanlandsk valuta, gitt oppdaterte planar per 1. september 2023. Samla budsjetterte utbetalingar som vil bli valutajusterte i 2023 utgjer om lag 11,129 mrd. kroner. Hovudårsaka til auka utgifter skuldast i hovudsak dei samla valutaendrin-

gane på utbetalingar i prosjekta, men også nye prosjekt eller endra prosjekt som har kome inn under ordninga.

- 55,300 mill. kroner knytt til NATOs investeringsprogram for tryggleik, jf. omtale på kap. 1760, post 44. Forsvarsdepartementet foreslår at mindreutgifta vert omdisponert til kap. 1760, post 45, og bidreg til handtering av forsvarssektorens auka utgifter, grunna mellom anna auka drivstoff- og valutaprisar i 2023.
- 37,500 mill. kroner knytt til innsparingstiltak i Forsvaret, jf., omtale under pkt. 1.3 og på kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår at mindreforbruket vert omdisponert til posten, og bidreg til handtering av forsvarssektorens auka utgifter, grunna mellom anna auka drivstoff- og valutaprisar i 2023.
- 15,000 mill. kroner knytt til løyvinga gitt til Forsvaret i revidert nasjonalbudsjett 2023 til sikringstiltak ved Andøya. Nokre av tiltaka i dette arbeidet knytter seg til alliert mottak og Andøya Space. Desse tiltaka inneber mellom anna materiellinvesteringar som først kjem til utbetaling over investeringsmidlane, og foreslåast derfor omdisponert frå Forsvaret.
- 14,100 mill. kroner knytt til mindreutgifta i NATOs investeringsprogram for tryggleik, jf. omtale på kap. 1760, post 48. Forsvarsdepartementet foreslår at mindreutgifta vert omdisponert til posten for å bidra til handtering av forsvarssektorens auka utgifter.
- 14,000 mill. skyldast meirinntekt jf. omtale på kap. 4710, post 47. Forsvarsdepartementet foreslår at meirinntekta vert omdisponert til kap. 1760, post 45, og bidreg til handtering av forsvarssektorens auka utgifter, grunna mellom anna drivstoff- og valutaprisar i 2023.
- 4,850 mill. kroner knytt til samla mindreutgift for energi i forsvarssektoren samanlikna med føresetnadane i revidert nasjonalbudsjett for 2023. Forsvarsdepartementet foreslår at mindreforbruket vert omdisponert til posten, og bidreg til handtering av forsvarssektorens auka utgifter, grunna mellom anna drivstoff- og valutaprisar i 2023.

Posten er foreslått redusert med:

- 890,101 mill. kroner knytt til handtering av forsvarssektorens auka utgifter.
- 67,113 mill. kroner knytt til NATOs investeringsprogram for tryggleik. NATOs samla prognose for innbetalingar er høgare enn fyrst meld, noko som inneber at Noregs del vert høgare enn budsjettet. Auka utgifter på kap.

1760, post 75, er foreslått dekkja inn gjennom ein motsvarande reduksjon på kap. 1760, post 45.

- 26,678 mill. kroner knytt til auka utgifter i den ordinære avhendingsverksemda. Utgiftene skuldast at netto inntekter frå salet ikkje er tilstrekkelege i 2023 til å dekkja auka avhendingsutgifter, jf. fullmakta om nettobudsjettering av salsomkostningar. Forsvarsdepartementet foreslår at utgiftene vert dekkja gjennom ei omdisponering frå posten til kap. 1760, post 01.
- 18,015 mill. kroner knytt til at Nasjonal tryggingmyndigheit har midlar for FoU-relaterte investeringar på kap. 1760, postane 01 og 45. Det er behov for ei intern omfordeling mellom postane for å tilpasse løyvingane etter utgiftsart. Endringa er av teknisk karakter. Forsvarsdepartementet foreslår derfor ei omdisponering til kap. 1760, post 01.
- 11,982 mill. kroner knytt til ei rammeoverføring til Justis- og beredskapsdepartementet for handtering av auka utgifter i Redningshelikoptertenesta. Rammeoverføringa er grunna auka lønns- og pensjonsutgifter i Forsvaret etter lønnsoppgjeret for 2023.
- 3,865 mill. kroner knytt til auka utgifter til reise og overtid i Forsvarsdepartementet, jf. omtale under kap. 1700, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår difor ei omdisponering til kap. 1700, post 01.
- 1,600 mill. kroner knytt til internasjonale stillingar som formannskap i NATOs investeringskomité og til stilling ved NATOs *Climate Change and Security Center of Excellence*. Forsvarsdepartementet foreslår ei omdisponering til kap. 1700, post 01.

#### *Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del*

Posten dekkjer fellesfinansierte del av NATOs investeringsprogram for tryggleik i Norge. Utgiftene refunderast frå NATO, ut frå forventa framdrift og forbruk i godkjente prosjekter, og føres til inntekt på kap. 4760, post 48.

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 263,300 mill. kroner knytt til forseinking i fleire NATO-prosjekt pågåande i Norge. Dette gjeld mellom anna prosjektet *Restore Runway* på Ørland og utsett godkjenning av *Maritime Capability Programme Plan* i NATO. Reduserte utgifter på kap. 1760, post 48 har ein motsvarande redusert inntekt på kap. 4760, post 48.

*Post 75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskot til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik*

Posten dekker Noreg sitt tilskot til dei fellesfinansierte investeringane i NATO.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 67,113 mill. kroner knytt til NATOs investeringsprogram for tryggleik. NATOs samla prognose er høgare enn budsjettet, noko som medfører at Noreg si del vert høgare. Auka utgifter er foreslått handtert gjennom ein motsvarande reduksjon på kap. 1760, post 45.

### Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter	470 000	470 000	543 600

*Post 48 Fellesfinansierte investeringar, inntekter*

Posten gjeld refusjonar frå NATO i samband med NATOs investeringsprogram for tryggleik i Noreg. Inntektene vert justert kvart år ut frå forventa framdrift og forbruk i godkjente prosjekter. Inntektene på post 48 er i hovudsak knytt til refusjon av utgifter på kap. 1760, post 48. Refusjon frå NATO på prosjekter som er prefinansiert vil også bli førte til inntekt på kap. 4760, post 48.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 73,600 mill. kroner. Posten er foreslått auka med 322,8 mill. kroner knytt til fleire prefinansierte

prosjekt som no er godkjend i NATO og som Noreg får refusjon for. Meirinntekta på kap. 4760, post 48 vert foreslått nytta til å handtere økte utgifter i forsvarssektoren, med ein motsvarande utgiftsauke på kap. 1760, post 45, sjå også omtale der. Samstundes er posten redusert med 249,2 mill. kroner knytt til forseinking i fleire NATO-prosjekt pågåande i Norge. Dette gjeld mellom anna prosjektet *Restore Runway* på Ørland og utsett godkjenning av *Maritime Capability Programme Plan* i NATO. Reduserte inntekter på kap. 4760, post 48, har ein motsvarande redusert utgift på kap. 1760, post 48.

### Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	703 934	746 778	788 135

*Post 01 Driftsutgifter*

Posten gjeld drift av Redningshelikoptertenesta. Justis- og beredskapsdepartementet er fag- og budsjettansvarleg departement for Redningshelikoptertenesta. Forsvarsdepartementet med underliggende etatar har system- og operatøransvaret.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 41,357 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 30,947 mill. grunna justeringar frå Justis- og beredskapsdepartementet, hovudsakeleg grunna den ekstraordinær priskompensasjo-

nen i revidert nasjonalbudsjett, samt Forsvarets del av Justis- og beredskapsdepartementet si lønnskompensasjon. I tillegg er der ei justering grunna auka utgifter til drivstoff, materielldrift og vakttillegg. Desse endringane er i høve til endringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt kap. 454. Utgiftsauken har ein motsvarande auke på inntektskapittelet.

- 11,982 mill. kroner knytt til endra utgifter til pensjon i Forsvaret etter lønnsoppgjeret for 2023. Auka har ei motsvarande auke på inntektskapittel.
- 9,700 mill. kroner knytt til endra sats på arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kroner.

Auka har ei motsvarande auke på inntektskapittel.

- 4,100 mill. kroner knytt til bonusutbetaling for personell tenestegjerande i Redningshelikoptertenesta. Utgiftene til lønn vert omdisponert frå Forsvaret til Redningshelikoptertenesta. Auken har ein motsvarande reduksjon på kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 15,372 mill. kroner knytt til berekning av netto innlevert gjenbruk- og returpliktig materiell, der utgiftene ved avrekning treff Forsvaret under kap. 1720, post 01. Forslag til reduksjon har ein motsvarande auke på kap. 1720, post 01.

### Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2023	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	591 001	637 301	689 930

#### Post 01 Driftsinntekter

Posten gjeld inntekter som vert belasta Justis- og beredskapsdepartementet for drift av redningshelikoptertenesta.

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 52,629 mill. kroner:

- 30,947 mill. kroner grunna justeringer frå Justis- og beredskapsdepartementet, hovudsakeleg grunna den ekstraordinær priskompensasjonen i revidert nasjonalbudsjett, samt Forsvarets del av Justis- og beredskapsdepartementet si lønnskompensasjon. I tillegg er der ei justering grunna auka utgifter til drivstoff, materielldrift og vakttillegg. Desse endringane er i høve til endringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt kap. 454. Inntektsauken har ein motsvarande utgiftsauke på kap. 1791, post 01.
- 11,982 mill. kroner knytt til endra utgifter til pensjon i Forsvaret etter lønnsoppgjeret i 2023.

Inntektsauken har ein motsvarande utgiftsauke på kap. 1791, post 01.

- 9,700 mill. kroner knytt til endra sats på arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kroner. Inntektsauken har ein motsvarande utgiftsauke på kap. 1791, post 01.

### 3 Interne endringar på kap. 1720 Forsvaret

Tabellen under viser interne endringar på avdelingar under kap. 1720 Forsvaret foreslått av forsvarssjefen (FSJ) i omgrupperinga i tillegg til fordeling av lønnskomp 2 for 2023. I samband med ny kapittelstruktur på forsvarsbudsjettet frå 2021, der alle forsvarsgreinene og andre sjølvstendige avdelingar i Forsvaret, med unntak av kap. 1735 Etterretningstenesta og kap. 1791 Redningshelikoptertenesta, blei samla under nytt kap. 1720 Forsvaret, vert Stortinget informert om dei største endringane internt på kapitelet. Endringane beskrivast på ei avdeling.

(i 1 000 kr.)

Driftseining	FSJs plan		FSJs plan		Foreslått endring omgrp.	Samla tildeling
	FSJs plan 2023	Prop. 44 S (2022–2023)	FSJs plan (2022–2023)	Lønnskomp 2 for 2022		
Cyberforsvaret	1 983 606		581 773	34 357	59 239	2 658 975
Forsvarsstaben og Forsvarets fellestenester	1 871 980		-347 838	52 031	-613 063	962 911
Forsvarets høgskole	889 187		20 114	15 870	44 323	969 494
Forsvarets logistikkorganisasjon	2 818 163	230 000	690 877	37 669	880 785	4 647 494
Forsvarets operative hovedkvarter	974 206		-13 895	12 415	25 638	998 364



(i 1 000 kr.)

Driftseining	FSJs plan		FSJs plan		Foreslått endring omgrp.	Samla tildeling
	FSJs plan 2023	Prop. 44 S (2022–2023)	FSJs plan Prop. 118 S (2022–2023)	Lønns-komp 2 for 2022		
Forsvarets personell- og vernepliktssenter	1 195 814		-1 949	111 027	86 095	1 390 987
Forsvarets spesialstyrker	1 103 575	117 000	-9 064	34 636	75 496	1 321 643
Forsvarets sanitet	399 847		543	10 545	21 283	432 218
Heimevernet	1 736 248		536 530	29 433	157 277	2 459 488
Hæren	7 125 979		-52 154	113 240	299 382	7 486 447
Luftforsvaret	8 054 812		2 548	106 789	848 766	9 012 915
Sjøforsvaret	5 115 007		120 735	60 192	309 720	5 605 654
Norske styrker i utlandet	773 934		–		33 609	807 543
Kystvakten	1 390 198		-78 846	13 836	135 452	1 460 460
Sum kap. 1720	35 432 556	347 000	1 449 374	632 040	2 364 002	40 224 972

### 3.1 Interne endringer

#### 3.1.1 Hæren

- 20,501 mill. kroner – Anskaffing av fem girkasjer til CV90. Midlar vert fordelte frå Forsvarets logistikkorganisasjon.
- 17,564 mill. kroner – Kompensasjon for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr
- 11,924 mill. kroner – Midlertidige reinhaldsavtaler i tilknytning til tilbakeføring av reinhaldsteneste.
- 10,500 mill. kroner – Hærens støtte til donasjon av Leo stridsvogn til Ukraina. Midlar vert fordelte frå Forsvarets logistikkorganisasjon.

#### 3.1.2 Sjøforsvaret

- 64,960 mill. kroner – Økte prisar for drivstoff til Sjøforsvarets fartøy
- 25,773 mill. kroner – Kompensasjon for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr

#### 3.1.3 Luftforsvaret

- 72,051 mill. kroner – Økte kostnader som følge av høge valutakursar på driftsanskaffingar
- 33,248 mill. kroner – Kompensasjon for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr
- 8,978 mill. kroner – Midlertidige reinhaldsavtaler i tilknytning til tilbakeføring av reinhaldsteneste.

#### 3.1.4 Heimevernet

- 8,353 mill. kroner – Ny nøkkel for berekning av utgifter knytt til gjenbruk og returpliktig materiell. Midlar vert fordelte frå Forsvarets logistikkorganisasjon.
- 6,788 mill. kroner – Kompensasjon for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr
- 5,499 mill. kroner – Midlertidige reinhaldsavtaler i tilknytning til tilbakeføring av reinhaldsteneste.

#### 3.1.5 Resterande driftseiningar på kapittel 1720

- 632,040 mill. kroner – Total lønnskomp 2 for Forsvaret. Denne er fordelt på avdelingar iht. tabellen over
- 19,000 mill. kroner – Overføring til Forsvarets logistikkorganisasjon frå Forsvarsstaben for tiltak innan modernisering og effektivisering knytt til forsyningsprosjekt.
- 18,000 mill. kroner – Konsulenttenester til støtte for modernisering og effektivisering.
- 15,933 mill. kroner – Overføring av Forsvarets veteraneneste frå Forsvarets fellestenester til Forsvarets personell- og vernepliktssenter
- 13,935 mill. kroner – Ny nøkkel for berekning av utgifter knytt til gjenbruk og returpliktig materiell. Midlar vert fordelte frå Forsvarets logistikkorganisasjon.

- 13,876 mill. kroner – Overføring for opprettelse av Forsvarets økonomisenter. Midlane vert fordelte til Forsvarets fellestenester frå dei andre driftseiningane.
- 11,506 mill. kroner – Kompensasjon til Forsvarets logistikkorganisasjon for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr
- 10,000 mill. kroner – Fleire studentar gjennomfører vidaregåande offisersutdanning som ledd i styrking av bemanning.
- 10,000 mill. kroner – Overføring til Forsvarets personell- og vernepliktssenter frå Forsvarsstaben for tiltak innan modernisering og effektivisering knytt til HR-prosjektet «Min side».
- 9,592 mill. kroner – Overføring for endra modell for gjennomføring av stabsstudiet ved Forsvarets høgskole. Studentar beordrast til fulltid skiving av masteroppgåve med lønn frå Forsvarets høgskole. Midlane vert fordelte til Forsvarets høgskole frå dei andre driftseiningane.
- 9,513 mill. kroner – Kompensasjon til Forsvarets personell- og vernepliktssenter for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr
- 8,274 mill. kroner – Kompensasjon til Forsvarets spesialstyrkar for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr
- 8,000 mill. kroner – Overføring for gjennomføring av insentivprosjektet «fleksibel arbeidsplass».
- 7,972 mill. kroner – Økte priser for drivstoff til kystvaktsfartøy
- 7,766 mill. kroner – Kompensasjon til Cyberforsvaret for endra arbeidsgivaravgift på lønn over 750 000 kr
- 7,185 mill. kroner – Teknisk overføring for utdanning av cyber teknikare ved Cyberforsvaret tidlegare handtert med horisontal samhandel. Midlane vert fordelte til Cyberforsvaret frå dei andre driftseiningane.
- 5,873 mill. kroner – Overføring av infrastruktur i Bodø frå Luftforsvaret til Forsvarets operative hovudkvarter.
- 5,400 mill. kroner – Overføring til Forsvarets logistikkorganisasjon frå Forsvarsstaben for tiltak innan modernisering og effektivisering knytt til forsyningsprosjekt.
- 7,010 mill. kroner – Styrking av velferdstiltak ved lokale avdelingar gjennom 4T-ordninga. Avsette midlar vert fordelte frå Forsvarets personell- og vernepliktssenter til andre driftseiningar etter søknad.

## 4 Informasjonssaker

### 4.1 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskot til NATO Comprehensive Assistance Package for Ukraine (NATO CAP)

NATO innehar ein viss koordinerande rolle i den internasjonale støtta til Ukraina Gjennom kapasitetsbyggingsprogrammet CAP gjev alliansen mellom anna ikkje-dødeleg ressursstøtte til Ukraina. Støtta omfattar også langsiktige tiltak for å fremja demokratisk kontroll og openheit, korrupsjonshindrande tiltak samt støtte for effektivisering og modernisering av den ukrainske forsvarssektoren.

CAP-fondet finansierast gjennom bidrag frå allierte og partnerland. Regjeringa har i 2023 bidrege med 300 mill. kroner til CAP frå tilgjengelege midlar på kap. 1700, post 79.

### 4.2 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskot til European Peace Facility (EPF) for anskaffingar til stridsvognonasjonar

EU sitt fond *European Peace Facility* (EPF), har til hensikt å finansiere tiltak for å førebyggje konflikter, arbeide med fredsbygging og styrka internasjonal tryggleik. Avgjera om å opprette fondet vart fatta av Det europeiske råd i mars 2021, og ved fleire høve har fondet sine økonomiske ramar vorte auka. I mars 2023 avgjorde europeiske utanriksministrar og forsvarsministrar at EPF-fondet skulle nyttast til anskaffingar eller donasjonar av ammunisjon til Ukrainas forsvarskamp. For å etterforsyne og støtte Noreg og allierte sine donasjonar av Leopard-stridsvogner, har regjeringa gjeve tilskott til EPF på 250 mill. kroner frå tilgjengelege midlar på kap. 1700, post 79, jf. forslag i Prop. 44 S (2022–2023). Det norske tilskottet skal nyttast særskild til donasjonar eller anskaffingar av reservedelar og ammunisjon for Leopard 2A4-stridsvogner.

### 4.3 Kap. 1700, post 79, Forsvarsdepartementet, tilskot til finansiering av vedlikehaldssenter for ukrainske Leopard 2A4-stridsvogner i Polen

Som følge av donasjonar av vestlege stridsvogner til Ukraina gjennom 2023 og den pågåande krigføringa si slitasje på militært materiell, har Ukraina eit behov for støtte til vedlikehald. Grunna avgrensa tilgang til reservedelar, kompo-

mentar og tilbydarar av teknisk kompetanse og personell for å yte vedlikehald på Leopard 2A4-stridsvogner, har Polen tilbode å etablere eit vedlikehaldssenter for desse ukrainske stridsvognene. Vedlikehaldssenteret styrast av polske forsvarsmyndigheiter ved Governmental Strategic Reserves Agency, og senteret er allereie i drift. Tyske myndigheiter har eit motsvarande opplegg for samarbeid blant givarland og gjennomføring av vedlikehald på andre typar Leopard-stridsvogner. Regjeringa har lagt opp til å støtta vedlikehaldssenteret i Polen med eit tilskot på 150 mill. kroner frå tilgjengelege midlar på kap. 1700, post 79.

#### 4.4 Auka kapasitet ved skulane i Forsvaret i 2023

I Prop. 1 S (2022–2023) går det fram at regjeringa i 2023 vil auke elevtalet med totalt 83 elevar ved Krigsskolen, Sjøkrigsskolen, Luftkrigsskolen og Cyberingeniørskolen i 2023.

Forsvaret har gjort ei utvida utgreiing knytt til høgning av utdanningsvolumet. Følgjande forhold vart vurdert: EBA-kapasitet, tilgang på tilstrekkelege lærarkrefter, akkreditering av utdanninga, rekrutteringsgrunnlag for studentar og tilgjengelege stillingar i Forsvaret etter gjennomført utdanning. Forsvarsdepartementet har med det blitt merksam på forhold som gjer at innretninga på satsinga bør justerast noko.

Den alternative løysinga som no gjennomførast er ei auking på 38 militære studentar årleg dei neste tre åra, som gjev ei total auking på 114 militære studentar.

Forsvaret planlegg i tillegg å styrka utdanningskapasiteten på vidaregåande offiserspåbygning i 2023. Det etablerast også eit realkompetansevurderingsråd som vil få myndigheit til å godkjenne høgare utdanningsnivå for både befal og offiserar. Om lag 20 årsverk til Forsvarets høgskole vil også forserast frå 2024 til 2023 for å leggje til rette for auka kompetanseproduksjon. Nemnte forsering kjem i tillegg til aukinga på om lag 200 årsverk i Forsvaret som skildra i Prop. 1 S (2022–2023).

## 5 Bestillingsfullmakter

Det vert foreslått ein auke i bestillingsfullmakta på 500 mill. kroner til 9 690 mill. kroner på kap. 1720, post 01, knytte til vedlikehaldskontrakter for F-35 og P-8.

I samanheng med inngåing av kontrakt for maritim helikopterkapasitet og ei planlagt opsjonsutløysing for luftromsovervaking er bestil-

lingsfullmakta på kap. 1760, post 45 foreslått auka med 6 000 mill. kroner til 109 820 mill. kroner. Sjø forslag til nytt vedtak.

## 6 Investeringsfullmakter

### 6.1 Nye materiellprosjekt for godkjenning

#### *Prosjekt 1081 Future Naval Strike Missile*

Prosjektet skal utvikla eit nytt sjømålsmissil klar til operativ bruk frå 2035. Missilet skal bidra til å verna om norsk suverenitet og territorial integritet, ved å styrka Forsvaret si evne til truverdige avskrekking og forbetra evna til å kjempa mot mål på lange avstandar. Utviklingsprosjektet skal gjennomførast i samarbeid med Tyskland. I dette samarbeidet om utvikling av nytt missil, skal kostnadane delast likt. Difor skal prosjektet også presenterast for det tyske parlamentet før det blir igangsett. Prosjektet er ein del av eit maritimt materiell-samarbeid inngått i 2017, som mellom anna inneber felles kjøp av nye ubåtar, og av eksisterande sjømålsmissil av typen *Naval Strike Missile*, samt utvikling av eit nytt langtrekkjande sjømålsmissil. Missilet skal i tillegg utviklast til å verta ettertrakta for NATO-land og andre nære allierte. Framtidig investering i ferdig utvikla missil vil gjerast i eit eige prosjekt.

Kongsberg Defence & Aerospace skal ha ei leiande rolle i utvikling av det nye missilet. Det er avtalt med Tyskland at nasjonal industri i begge land skal vera involvert.

Det er høg grad av uvisse i dette avanserte utviklingsprosjektet. Difor er avgjerda om investering avgrensa til den innleiande designfasen i prosjektet. Den innleiande designfasen skal resultera i eit ferdig utvikla design og samstundes demonstrera at leverandøren kan byggja missilsystemet med relevant yting innanfor dei tilgjengelege økonomiske rammene. Denne løysninga vil avgrensa staten si eksponering mot risiko. Dersom den innleiande designfasen ikkje fører til eit utvikla design som vil gi tilstrekkeleg yting eller at ein ikkje vil klara det innafor ei tilgjengeleg ramme, vil det vera mogleg å avbryta prosjektet. Regjeringa vil koma attende til Stortinget med ei tilråding om vidare utviklingsfasar etter den innleiande designfasen. Om desse målsetningane ikkje vert nådd vil tilrådinga omfatta alternative løysingar til å gå vidare med utviklingsprosjektet.

Den norske delen av prosjektet si tilrådde totale kostnadsramme for den innleiande designfasen er 1 075 mill. kroner inkludert avsetning for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdi-

avgift. Norsk del av prosjektet si styringsramme for den innleiande designfasen er 855 mill. kroner inkludert meirverdiavgift og gjennomføringskostnader.

#### *Prosjekt 1146 Gjenanskaffelse av donerte hovedkomponenter til NASAMS*

Regjeringa har i tråd med fullmakt frå Stortinget i to omgangar vedtatt donasjonar av hovudkomponentar til NASAMS. Samstundes vart det vedtatt at materiellet skal gjenanskaffast så raskt som råd slik at strukturen er i tråd med ambisjonen i gjeldende langtidsplan. Det er donert totalt fire eldleingsentralar og åtte utskyttingseiningar.

Materiellet vert gjenanskaffa direkte frå *Kongsberg Defence and Aerospace* som er ein leverandør av NASAMS-systemet. Donasjonsvedtaket ble gjort på eit tidspunkt da Ukraina hadde eit prekært behov for luftvern. Materiellet har gitt viktige bidrag til å verna både befolkning, kritisk infrastruktur og militære avdelingar mot angrep frå lufta.

Ekstern kvalitetssikring er gjennomført hausten 2023. Styringsramma for gjenanskaffing av hovedkomponenter til NASAMS utgjer 1 936 mill. kroner inkludert gjennomføringskostnader og meirverdiavgift, men eksklusiv avsetjing til uvisse. Den tilrådde kostnadsramma for materiellprosjektet er på 2 317 mill. kroner inkludert meirverdiavgift, gjennomføringskostnader og ei avsetjing til uvisse. Gjenanskaffinga vil verta finansiert over Nansen-programmet. Kostnadsramma er basert på valutakurs pr. 3. juli 2023.

#### *Prosjekt 7821 Erstatning missiler til bakkebasert luftvern*

Regjeringa har i tråd med fullmakt frå Stortinget vedtatt donasjon av luftvernmissil. Samstundes vart det vedtatt at materiellet skal gjenanskaffast så raskt som råd. Omfanget av gjenanskaffing vert lagt til det planlagte prosjektet for investering i luftvernmissil. Totalt sett tilrår regjeringa å anskaffa missil i tråd med ambisjonen i gjeldende langtidsplan.

Prosjektet skal ivareta tre forhold. For det første skal det erstatte dagens middels rekkevidde luftvernmissil som nærmar seg slutten av levetida (AMRAAM 120B) med nye og moderne missil. For det andre skal det ivareta ambisjonen i gjeldende langtidsplan om volum og miks av missil til bakkebasert luftvern gjennom å investera i luftvernmissil med kort, middels og noko lengre rekkevidde. For det tredje skal prosjektet følgja opp

vedtaket om å gjenanskaffa missil donert til Ukraina.

Missila som er tilrådd anskaffa er korthaldsmissilet AIM-9X, som også vert nytta av kampflya våre og i framtida også av Hæren sine kampluftvernvogner. Missilet med medium rekkevidde er AMRAAM 120C, og missilet med noko lengre rekkevidde er AMRAAM Extended Range. Anskaffinga av samtlege missil vert gjennomført gjennom ordninga *Foreign Military Sales* hjå amerikanske styresmakter, og det er produsenten *Raytheon* som er leverandør.

Styringsramma for gjenanskaffing av luftvernmissil utgjer 8 305 mill. kroner inkludert gjennomføringskostnader og meirverdiavgift, men eksklusiv avsetjing til uvisse. Donerte missil skal erstattast ein-til-ein med midlar frå Nansen-programmet. Totalt sett er den tilrådde kostnadsramma til prosjektet på 9 448 mill. kroner inkludert meirverdiavgift, gjennomføringskostnader og ei avsetjing til uvisse. Kostnadsramma er basert på valutakurs pr. 3. juli 2023.

## **6.2 Omfangsendring av pågåande materiellprosjekt for godkjenning**

#### *Prosjekt 2559 Landbasert transportstøtte*

Stortinget vedtok prosjektet med si handsaming av Innst. 359 S (2017–2018) til Prop. 66 S (2017–2018). Forsvaret anskaffa om lag 2 000 Scania-lastevogner i fleire variantar i perioden 1987–1996, og vognene nærmar seg slutten av den tekniske levetida si. Gjennom prosjektet vert det anskaffa nye lastevogner som erstatning for Scania-lastevogner. Innanfor sine fullmakter har Forsvarsdepartementet tidlegare godkjent anskaffing av dei 125 høgst prioriterte lastevognene i ulike variantar. Desse lastevognvariantane vert anskaffa gjennom avrop på ein felles norsk-svensk rammeavtale med det tyske selskapet *Rheinmetal M.A.N. Military Vehicles*.

Den same rammeavtalen ligg også til grunn ved anskaffinga i prosjekt 2559. Prosjektet skal anskaffa om lag 340 nye lastevogner i ulike versjonar. Dei fyrste 56 køyretøya er levert frå leverandøren og vart overført til Forsvaret i 2023.

Gjennom Stortinget si handsaming av Innst. 403 S (2022–2023), jf. Prop. 94 S (2022–2023), vart prosjektet si kostnadsramme auka som følgje av gjenanskaffing av lastevogner som vart donert til Ukraina.

Som følgje av ein ny donasjon av lastevogner til Ukraina vert kostnadsramma for prosjektet no føreslege auka med 142 mill. kroner til 2 388 mill.

kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdiavgift.

#### *Prosjekt 5049 Ingeniørpanservogn*

Stortinget vedtok prosjektet med si handsaming av Innst. 359 S (2017–2018) til Prop. 66 S (2017–2018). Prosjektet skal anskaffa seks ingeniørpanservogner på moderniserte Leopard 2-chassis med tilhøyrande materiell for logistikk og utdanning. Alle vognene er levert.

Ved Stortinget si handsaming av Innst. 87 S (2020–2021) til Prop. 14 S (2020–2021) vart det vedtatt å styrka Hæren. Dette inkluderer å tilføra ytterlegare fem ingeniørpanservogner til Hæren. Tilleggsanskaffinga vert gjort gjennom utløyning av ein opsjon i den tidlegare kontrakten, og vart vedteke ved Stortinget si handsaming av Innst. 403 S (2022–2023) til Prop. 94 S (2022–2023).

Som følge av ein ny donasjon av ingeniørpanservogner til Ukraina vert kostnadsramma for prosjektet no føreslege auka med 639 mill. kroner til 2 762 mill. kroner inkludert ei avsetjing for uvisse, gjennomføringskostnadar og meirverdiavgift.

Ved inngåing av kontrakten måtte leverandøren forplikta seg til industrielt samarbeid med Noreg. Forpliktinga vil no auka tilsvarende verdien på gjenanskaffinga.

#### *Prosjekt 7628 Kampluftvern*

Prosjekt 7628 (P7628) Kampluftvern, vart vedtatt av Stortinget ved handsaminga av Innst. 337 S

(2014–2015) til Prop. 113 S (2014–2015). Prosjektet skulle levera seks kampluftvernvogner som kunne utnytta det eldre korthalds luftmålsmissilet IRIS-T som tidlegare vart nytta på F-16 jagarfly i ei luftvernrolle. Når IRIS-T missila kom til slutten av levetida si var kampluftvernvognene planlagt omvæpna til å nytta AIM-9X-missilet i perioden 2029–2031. Dei seks kampluftvernvognene til Hæren er no i ferd med å verta ferdige ved *Kongsberg Defence and Aerospace* (KDA). Prosjektet er innanfor ramma, tre vogner er planlagt levert seint i 2023 og resterande tre vogner er planlagt levert tidleg i 2024.

Regjeringa har i tråd med fullmakt frå Stortinget vedtatt donasjon av IRIS-T missil til Ukraina. Regjeringa vedtok samstundes at omvæpninga av kampluftvernvognene til Hæren, frå å skyta IRIS-T til nytt korhaldsmissil av typen AIM-9X som var planlagt i 2029–31, skal gjennomførast no. Omvæpninga av vognene vert foreslått gjennomført ved å utvida P7628 Kampluftvern. Anskaffinga skal gjennomførast slik at den har minst mogleg konsekvensar for oppbygginga av kampluftvernet i Hæren. Avgrensa tilgang på missil fører til at tidspunktet kampluftvernet i Hæren vil vera fullt operativt truleg vert utsett frå 2026 til 2028.

Kostnadsramma for prosjektet vert foreslått auka med 674 mill. kroner til 1 933 mill. kroner inkludert meirverdiavgift, ei avsetjing til uvisse og gjennomføringskostnadar. Tillegget for omvæpning vert finansiert over Nansen-programmet.

Endringar i statsbudsjettet 2023 under Forsvarsdepartementet

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2023 under Forsvarsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2023 under Forsvarsdepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2023 vert det gjort følgjande endringar:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr. 705 060 000 til kr. 713 560 000	8 500 000
	22	IKT-verksemd, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr. 654 964 000 til kr. 513 364 000	141 600 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr. 4 179 000 til kr. 2 179 000	2 000 000
	53	Risikokapital, NATOs innovasjonsfond vert auka med ..... frå kr. 13 300 000 til kr. 14 669 000	1 369 000
	71	Overføringar til andre, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr. 83 966 000 til kr. 81 966 000	2 000 000
	78	Noregs tilskott til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr. 674 523 000 til kr. 651 350 000	23 173 000
	79	Militær støtte til Ukraina, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1710, post 01 og 47, kap. 1720, post 01 og kap. 1760, post 01 og 45</i> , vert redusert med ..... frå kr. 3 072 816 000 til kr. 2 046 278 000	1 026 538 000
	90	Kapitalinnskott, NATOs innovasjonsfond, vert auka med ..... frå kr. 24 680 000 til kr. 27 243 000	2 563 000
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr. 6 116 620 000 til kr. 6 141 235 000	24 615 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast</i> , vert auka med ..... frå kr. 4 012 512 000 til kr. 4 147 162 000	134 650 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1716		Forsvarets forskingsinstitutt	
	51	Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt, vert auka med..... frå kr. 266 254 000 til kr. 290 854 000	24 600 000
1720		Forsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	2 364 002 000
		frå kr. 37 860 970 000 til kr. 40 224 972 000	
	71	Overføringer til andre, <i>kan overførast</i> , vert auka med .....	400 000
		frå kr. 41 183 000 til kr. 41 583 000	
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert auka med .....	90 470 000
		frå kr. 2 318 456 000 til kr. 2 408 926 000	
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	55 300 000
		frå kr. 152 328 000 til kr. 97 028 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	384 560 000
		frå kr. 22 791 761 000 til kr. 22 407 201 000	
	48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	263 300 000
		frå kr. 470 000 000 til kr. 206 700 000	
	75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under kap. 1760, post 44</i> , vert auka med.....	67 113 000
		frå kr. 125 840 000 til kr. 192 953 000	
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	41 357 000
		frå kr 746 778 000 til kr. 788 135 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4700		Forsvarsdepartementet	
	02	IKT-verksemd, inntekter, vert auka med .....	25 000 000
		frå kr. 95 920 000 til kr. 120 920 000	
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, vert auka med .....	28 990 000
		frå kr. 4 847 779 000 til kr. 4 876 769 000	



Kap.	Post	Føremål	Kroner
	47	Sal av eigedom, vert auka med..... frå kr. 634 000 000 til kr. 648 000 000	14 000 000
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, vert auka med..... frå kr. 470 000 000 til kr. 543 600 000	73 600 000
4791		Redninghelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr. 637 301 000 til kr. 689 930 000	52 629 000

## II

## Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2023 kan foreta bestillingar ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gamalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1720		Forsvaret	
	01	Driftsutgifter	9 690 mill. kroner
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	109 820 mill. kroner

## III

## Investeringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2023 kan:

## 1. Starte opp følgjande nye investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
Prosjekt 1081 Future Naval Strike Missile	1 075 mill. kroner
Prosjekt 1146 Gjenanskaffelse av donerte hovedkomponentar til NASAMS	2 317 mill. kroner
Prosjekt 7821 Erstatning missiler til bakkebasert luftvern	9 448 mill. kroner

og endra omfang og kostnadsramme for følgjande investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
Prosjekt 2559 Landbasert transportstøtte	2 388 mill. kroner
Prosjekt 5049 Ingeniørpanservogn	2 762 mill. kroner
Prosjekt 7628 Kampluftvern	1 933 mill. kroner

## 2. Forsvarsdepartementet får fullmakt til å justera kostnadsrammene i takt med prisstigninga og som følgje av endringar i valutakursane i seinare år.





